

Vestlandsrådet

VR-sak 13/17: Marin strategi – oppfølging av plantema «rekruttering» og vidareføring av IRIS-utgreiingsrapport. Handlingsplan 2017.

Marin gruppe har etter Vestlandsrådet sitt møte i Bergen 28.02.17 starta opp eit arbeid knytt til oppfølging av Vestlandsrådet sin marine strategi, med særleg vekt på punktet om "rekruttering" til næringane. Marin gruppe har, mellom anna grunna nokre lengre sjukmeldingar, ikkje hatt ønskt framdrift i dette oppfølgingsarbeidet, og treng meir tid til å utarbeide ein forankra og gjennomarbeidd plan for gjennomføring innanfor dette plantemaet.

Marin gruppe sine førebelse sonderinger konkluderer med at dette er eit tema der det også er andre aktørar som har tilsvarende utfordringar, særleg knytt til rekruttering. Eit viktig ledd i det vidare arbeidet vil difor vere å kartlegge desse aktørane/organisasjonane for ikkje å setje i gang aktivitetar som overlappar med andre aktivitetar og tiltak. Marin gruppe ønskjer i det vidare arbeidet å etablere eit nærmare samarbeid med IRIS, for å få deira tankar og perspektiv som grunnlag for handlingsplanen som skal utarbeidast. IRIS sitt utgreiingsarbeid vil m.a. vere eit nyttig grunnlag for oppfølging retta inn mot utdanningstilbodet innanfor vidaregåande opplæring, fagskulesystemet, universitet og høgskular.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram ein handlingsplan som syner korleis den marine strategien vert følgd opp frå Vestlandsrådet si side.
 2. Vestlandsrådet ønskjer at handlingsplanen vert lagt fram for handsaming hausten 2017.
-